

Dialogmøte om kompetanse og kapasitet ved Høgskulen i Volda

07. september 2020, digitalt møte på Zoom.

Tilstades:

Frå Høgskulen i Volda:

- Kari Leikanger Buset (*fagleg koordinator for DeKomp*),
- Silje Ims Lied (*Prodekan for utdanning*),
- Linda Marie Viddal (*Phd-student, jobber i Rekomp/Dekomp*),
- Torgeir Parr Dimmen (*Leiar nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa*),
- Arne Myklebust (*Dekan på avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning*),
- Bjørnar Sæterås (*studieleiar PPU/matematikk, aktiv i Dekomp-samarbeid i vidaregåande opplæring*)

Frå HVL/Nasjonalt koordineringsoppdrag:

- Anne Christine Aandahl og Nina Grieg Viig – nasjonale koordinatore
- Trine Kielland – Administrativ støtte/rådgiver, referent

Møtet starta med ein presentasjonsrunde og kort orientering om mandatet for det nasjonale koordineringsoppdraget for UH samt mål og gjennomføring av møtet.

Koronasituasjonen våren 2020

Meir digitalt samarbeid enn fysisk. . Ikkje noko reiseaktivitet etter 12.mars, men tida gjekk med til planlegging og oppfølging digitalt. Planar vart lagt og planar vart endra. Dei som planla ville ofte meir enn det skulane makta å vere med på. Digital samhandling kan vere god for praksisfeltet, men dei fagtilsette ved HVO opplever i nokre tilfelle å vere tilbake i «kursmodus».

Organisering av Dekomp internt i Høgskulen i Volda

Intern organisering:

Høgskulen i Volda har oppretta ei styringsgruppe dei kallar KompUt. Formål med gruppa vart først definert ved oppstart i 2018. Gruppa skal

- Legge til rette for at HVO kan vere med på å styrke praksisfeltet i utviklingsarbeid og på same tid utvikle lærarutdanningane.
- Styrke institutt og avdelingsleiarane sitt eigarforhold til den statlege satsinga. Viktig å forankre dette arbeidet og at det ikkje er eit arbeid som vi kan ta når vi har tid.

- Etablere ei felles forståing i leiinga av deltaking i desentralisert ordning som ein sentral del av samfunnsoppdraget til HVO. Gruppa arbeider for å skape ei felles forståing internt på HVO for kva skulebasert/barnehagebasert kompetanseutvikling kan vere og korleis det kan skje.
- Prioritere tid og ressursar slik at våre fagtilsette kan ta del i utviklingsprosessar saman med praksisfeltet.
- KompUt er samansett av dekan frå alle avdelingane, instituttleiingar, studieleiingar ved lærarutdanningane og arbeidsgruppa for ReKomp/DeKomp.

Gruppa er leia av ein instituttleiingar og møtes to gonger pr semester. Det er og sett ned ei arbeidsgruppe for å koordinere og arbeide internt med ReKomp, DeKomp og Kompetanseløftet. Arbeidsgruppa vert leia av prodekan for utdanning som har eit spesielt ansvar for Kompetanseløftet i tillegg til dei desentraliserte ordningane. Gruppa består av faglege koordinatarar både frå ReKomp, DeKomp og Vgo, samt EVU-koordinatar. Dei har møte kvar veke der det vert lagt vekt på erfaringsdeling, planlegging og refleksjon. Det vert arbeidd systematisk med intern organisasjonslæring. Noko av dette kjem til syne på [nettsida til HVO](#).

Ekstern organisering:

Høgskulen i Volda samarbeider med skular/kommunar i tre regionar i fylket og dei vidaregåande skulane gjennom fylkeskommunen som skuleeigar. Samarbeidsforum for fylket har så langt arrangert to møte kvart år, der Høgskulen i Volda har tre representantar. Midlane er fordelt etter drøftingar med om lag 50% til UH og 50% skuleeigar gjennom regionane.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er tydelege på at det er Høgskulen i Volda som er lokal UH, og at det er *den* UH dei ynskjer DeKomp skal bidra til å bygge. Høgskulen i Volda har henta inn kompetanse frå andre fagmiljø i tilfelle der kapasitet eller kompetanse ikkje er tilstrekkeleg ved HVO. Dette har i stor grad vore samarbeid knytt til leiarstøtte og endringsleiing. Samarbeid med eksterne har også vore nyttig for intern utvikling ved HVO.

Kapasitet

Kapasitet har i periodar vore ei utfordring, og mange har fulle arbeidsplanar sjølv om dei tar på seg meir arbeid i DeKomp. Faglærarane som er involvert ser arbeidet som viktig og utviklande. I nokre tilfelle er kapasitetsproblem løyst ved at fagtilsette går med overtidstimar.

Våren 2020 var dialog med regionane og intern planlegging kome så langt at ein kunne planlegge kva fagmiljø som ville bli brukt det komande skuleåret. Dette gjorde at studieåret 20/21 vart meir føreseieleg enn det som var praksis tidlegare år.

Kompetanse

Høgskulen i Volda er opptatt av at dei fagtilsette som har timar i ReKomp og DeKomp også har undervisning inn i grunnutdanningane. På denne måten får ein løyst det doble formålet.

Døme på praksis/rolla som utviklingspartner: Ein utviklingspartner fortel frå ei samling der 240 skuleleiarar er samla. Samlingane vert arrangert jamleg over to skuleår, med intensjon om å styrke leiargruppene på skulane som drivarar av fagfornyinga. Utviklingspartner tolkar rolla si som ein som legg til rette for å skape dialog. Ved å “la sitt eige fare” og heller lytte og forstå kva den andre parten har behov for. “Dersom den læringsprosessen me no skal inn i er svaret, kva er då spørsmålet?” Ved å gjennomføre slike samlingar vert det sett fokus på skuleutvikling og prosessarbeid i samarbeid mellom Høgskulen i Volda og skuleleiarar.

Høgskulen i Volda har to større forskingsarbeid som er knytt opp mot ulike DeKomp-prosjekt i kommunane. Det eine initiert gjennom samarbeid med praksisfeltet og det andre er forskning på oppdrag. Tid til forskning ligg i FOU, ikkje gjennom midlar knytt opp mot DeKomp.

Intern organisasjonslæring:

Høgskulen i Volda har hatt ReKomp og DeKomp som tema på ulike faglege møtepunkt. Dei har laga ein eigen nettstad for å informere om ReKomp og DeKomp. Her er det mellom anna lagt ut ulike små filmar som gjer dei faglege tilsette godt informert om ordningane, og som fungerer som informasjon om ordninga for nytilsette <https://www.hivolda.no/oppdrag/kompetanseutvikling-skule-og-barnehage/organisering-og-intern-kompetanseutvikling-hvo>

Det er også oppretta eit team med fleire kanalar i Teams, der ein både har samla informasjon og bruker kommunikasjonskanalen til drøftingar.

Arbeidsgruppa har arrangert fleire mini-seminar, med fokus på erfaringsdeling og kompetanseutvikling i ReKomp og DeKomp. Her har ein også lagt opp til gruppearbeid, der ein har brukt ulike arbeidsmåtar, td dialogspel. Resultata har vore samla i ein Padlet, som arbeidsgruppa tek med seg vidare inn i sitt arbeid. Mini-seminara vert og brukt til å jobbe med forankring og rolleavklaring.

Høgskulen i Volda opplever at praksissamarbeidet vert styrka gjennom partnerskapa i ReKomp og DeKomp. Dei ser og at praksissamarbeidet vert påverka positivt dess betre ein får til det likeverdige partnerskapet i ReKomp og DeKomp.

Endringa som ligg i det å jobbe i eit likeverdig partnerskap, framfor tradisjonelt meir leverandør til bestillar, tek tid. Høgskulen i Volda erfarer at tilsette ved nokre skular opplever større læringseffekt å vere aktiv i utviklingsprosessen, frå kartlegging til gjennomføring. Det krevst god rolleavklaring, og at både UH og praksisfeltet tenker nytt.

Høgskulen i Volda har gode erfaringar med å reise ut to fagpersonar saman, men den vanlegaste er at fagtilsette er åleine i møte med praksisfeltet. Dersom ein er to i lag med ulik fagkompetanse, vil ein både lære av kvarandre samt utfylle kvarandre i partnerskapet.

Økonomi

Våren 2020 vart det utvikla ein felles økonomimodell for dei desentraliserte ordningane ved HVO. Modellen er forankra i KompUT-gruppa. Tilgjengelege midlar er delt i grunnressurs (16%) og aktivitetsbasert ressurs (84%).

Ein grunnressurs som utgjer 16% av tildelte midlane mottek frå fylkesmannen vert fordelt til institutt og avdelingar ved Høgskulen i Volda.

I prinsipp for økonomimodellen vert det sagt at grunnressursen bør nyttast til:

- å gjere ordninga kjent for fleire enn dei som har tildelt konkrete oppgåver. Dette gjeld særleg fagtilsette i lærarutdanninga.
- å setje seg inn i ordningane t.d. ved å lese ulike dokument
- fordelast på fagpersonar med særleg ansvar for å bidra inn i ordninga.
- å delta i førebunde møte med koordinator/regionskontakter
- delta i nettverkssamlingar for UH arrangert av HVL
- å halde innlegg på og delta i miniseminar samt på eigne institutt,
- andre oppgåver som kan fremje organisatorisk læring og utvikling ved HVO eller i samband med desentralisert ordning i møte med praksisfeltet.

Aktivitetsbasert ressurs utgjer resten av ressursane. Dette er konkretisert i økonomimodellen etter kvart som vi får signal om kva som kjem til å ligge i avtale med regionane. Det vert lagt inn så tidleg som råd etter dialog med regionane og i samråd med leiarane i institutt og avdeling. Prosessen medfører at noko er usikkert og justeringar skjer undervegs. Gjennom denne ressursen skal kvar institutt og avdeling få signal om eit forventa ressursbehov som dei kan planlegge etter.

Anna

Høgskulen i Volda er svært positive til høyringa om tilskotsordninga med omsyn til 50% fordeling av midlar, samt tidlege fristar for tildelingsprosessane. UH er avhengig av føreseielege ressurstildelingar i forhold til arbeidsplanar for dei tilsette og tilsettingar.

Nynorsksenteret, som er ein del av Høgskulen i Volda, har ikkje eit grunnansvar for studentar og undervisning i grunnutdanningane. Dei har difor større fleksibilitet til å bidra inn i DeKomp når det er aktuelt i forhold til skulane sin tematikk. Senteret ser nytten og verdien i det å vere med i partnerskap på skulane, sjølv om det kan vere utfordrande å få alle dei fagtilsette med i ordninga. Senteret arbeider med å motivere fagtilsette til at arbeid med Dekomp er ein del av normalaktiviteten. Senteret har mellom anna eit langsiktig samarbeid med norskseksjonen på HVO og lesesenteret i DeKomp-arbeidet i ei gruppe samansett av tre kommunar.

Oppstarten av DeKomp har vore ein krevjande prosess der mange ulike partar skal samarbeide på ein ny måte. Det siste året har gitt resultat, både eksternt og internt, og Høgskulen i Volda opplever no at ordninga begynner å falle på plass og fungerer godt.